

Referat frå møte i «kommunikasjonsgruppe Meland kommune og private barnehagar 16.mars 2015»

Ordførar kalla inn til møte etter

Sak 08/2015 i Formannskapet:

Det vart i denne saka vedteke å etablere ein kommunikasjonsgruppe for å betre samarbeidet mellom Meland kommune og private barnehagar.

FS: «Føremålet med kommunikasjonsgruppa er å fremje samarbeid, samhandling og dialog for å sikre ei trygg og god teneste. Kommunikasjonsgruppa bør ha fire møter pr. år, og to av desse møta skal vere relatert til årsbudsjett og budsjettrevisjon.»

Gruppa vert samansett av representantar frå politikk, administrasjon og private barnehagar.

Desse møtte:

Leiar i Utval for levekår Kåre Skibenes, styrar i Blåklokka barnehage Rigmor Sletten, styremedlem Leiketun barnehage Magnar Hellen, eigar av Drømmehagen barnehage Fredrik Seliussen, styrar i Leirdalen barnehage Beate Jakobsen, Styrar i Marihøna barnehage Camilla Smith Strøm, ordførar Nils Marton Odland, rådmann Ingvild Hjelmtveit, barnehagefagleg rådgjevar Mette M. Træland og økonomisjef Per Inge Olsen (i sak 1),

Fråverande: politisk representant Åshild Åmli og styrar i Espira Marthahaugen barnehage Elisabeth Thorland.

Ordførar Nils Marton leia møtet.

Alle vart ønska velkommen, og gruppa presenterte seg.

Mandatet for gruppa (over) vart presisert.

Saksliste:

1. Informasjon om Meland kommune sin rekneskap for 2014.
2. Drøfting - korleis skape betre dialog/samarbeid.
3. Evt. andre saker.

Sak 1. Økonomi.

Økonomisjef Per Inge Olsen starta med å legge fram førebels rekneskap for 2014. Det vart delt ut eget skriv i saka. Meland kommune har overskot på rekneskapen for 2014. Den kommunale barnehagen har hatt eit meirforbruk i høve til budsjettet. Det fører til etterbetaling til private barnehagar for 2014. Rekneskapen er sendt til kontroll og vil verte vedteke i kommunestyre i vår.

2015 er eit overgangs år der rekneskapen for to år tidlegare (2013) er grunnlag for tildeling av driftstilskot til private barnehagar. På grunn av at 2014 var budsjettregelstyrt vil rekneskapen for dette året føre til ei etterbetaling for 2014. Endeleg sum og vedtak vil verte avklart etter ekstern kontroll.

Det kom positive tilbakemeldingar frå barnehagane til rekneskapen..

Kommentarar:

- Det er viktig med førutsigbarhet i høve til driftstilskotet.
- Den særskilde situasjonen i Meland med ein liten kommunal barnehage gjer at endringar i drifta får store utslag på rekneskapet.
- Private skular har ei anna ordning i høve til tilskot, men denne gjeld ikkje for barnehagane.
- Rekneskapsordninga som no er etablert i høve til likebehandlinga vil føra til betre førutsigbarhet.

Fordeling av fem millionar i ekstraløyvingar for 2015.

Gruppa drøfta fordeling av dei fem millionane som er gjeve som ekstra løyving for 2015. Administrasjonen har ikkje laga framlegg til fordeling. Ein ynskjer innspel frå barnehagane.

Følgjande framlegg frå dei private barnehagane:

«*Dei private barnehagane ønskjer at de fem millionane vert fordelt så likt som mogeleg ut frå barnetal.*»

Meland kommune si utfordring er å lage ei god og treffsikker modell som er rettviss, men som ikkje forpliktar kommunen etter forskrift om likeverdig behandling seinare år. Dette tilskotet er eit eingongsbeløp.

Tilskot for 2015.

Barnehagane stilte spørsmål til arbeidet med vedtak og utbetaling av tilskot for 2015.

Administrasjonen orienterte om dette:

- Satsane er sendt ut og a-konto for tre månader er utbetalt i høve til forskrifta.
- Første april vert neste utbetaling. Denne vert justert i høve til satsane.
- Meland kommune sender ut reknearket med oppstilling av tilskot for heile året saman med utbetalingane til 1.april.
- Vedtak for 2015 vert fatta når Telemarksforskning har kontrollert berekninga.

Sak 2. Drøfting - korleis skape betre dialog/samarbeid.

-Ordføraren kom med ønske om innspel i høve til korleis kommunikasjonsgruppa skal arbeide.

Det vart lagt fram ønskje om ein politisk visjon for barnehagesektoren i Meland kommune.

Barnehageplana er utsett, og tidsfaktor for ferdigstilling er ikkje avklara. Planen sin kapasitetsdel var sak i ULK møte i vår.

Er det mogeleg å ha barnehageplanen sin kvalitetsdel til drøfting i dialoggruppa?

Administrasjonen tek dette opp til neste møte.

Stikkord:

- Kort og langsiktig visjon i høve til arbeid i plana: kompetanseheving, bemanning,

- Det var ønskje om at kapasiteten i sektoren vert tema i neste gruppemøte.

Brukarundersøking:

Meland kommune vil ha brukarundersøking for barnehagesektoren. Undersøkinga er ein standard utvikla av KS/ Betre kommune.no

Målet med undersøkinga er å få kunnskap om foreldra sitt syn på ulike område av tenesta. Ut frå undersøkinga kan ein finna fokusområder å arbeide med.

Omdømme.

God omdømmebygging til barnehagesektoren i Meland er viktig. Dette må både barnehagane og kommunen saman arbeide for. Dialoggruppa kan vera eit fora for dette arbeidet.

Ny finansieringsmodell.

Den nye finansieringsmodellen var tema. Administrasjonen vil følgje opp innhaldet i denne når høyringa kjem.

Modellen kan vera aktuell å presentera for arbeidsgruppa. PBL vil fronta denne nasjonalt når den er klar til høyring.

Samarbeidsavtale:

Barnehagane viste til samarbeidsavtalen mellom Meland kommune og dei private barnehagane. Denne skal reviderast i 2015

Gruppa var semde i å gå igjennom avtalen på neste samling.

3.Eventuelt:

Rigmor Sletten viste til brev der ulike spørsmål vart stilt i høve til rollefordeling og kven barnehagane skulle ta kontakt med i høve til ulike funksjonar.

I høve til økonomi er det økonomisjef og barnehagefagleg rådgjevar som samarbeider om dette.

Hovudregel :

- Berekningsmodell og økonomispørsmål til Per Inge.
- Forvaltning og faglege spørsmål til Mette.
- Ved innsending av e-post vil det verte gjeve tilbakemelding frå Per Inge eller Mette.

Rollefordeling og oppgåver i høve til barnehagefagleg rådgjevar/ koordinator for ansvarsgruppe og spesialpedagogiske tenestar:

- Forvaltning og økonomi i høve til spesialpedagogikk og tildeling av støttemidlar høyrer til rådgjevar for barnehage.
- Personalansvar for spesialpedagogisk team er lagt til styrar i den kommunale barnehagen.

- Administrasjonen tek opp spørsmåla internt. Det vert deretter informert og gjeve opplæring til styrarane på samling.
- Grappa hadde refleksjon rundt tema i kommunestrukturdebatten. Dette vert og tema på neste møte.

Ordførar kallar inn til neste møte i mai : Dato vert etter 17 mai.

Sakar til neste møte:

- Gjennomgang av avtalen med private barnehagar.
- Revidert budsjett .
- Tilbakemelding på arbeidet med kommunestrukturarbeidet.
- Kapasitet i sektoren.
- Visjon for sektoren, og arbeid med kvalitetsmål/ barnehageplan.

Mette M. Træland
referent

